

Haugen Vva AS
Halvor Fretland
Kanalveien 5
5068 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/5193 - 22/83823

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
03.11.2022

Igangsettingsløyve for veg og VA-anlegg - gbnr 322/247 Sveåsen Mjåtveit

Administrativt vedtak: **Saknr: 1239/22**
Tiltakshavar: Sveåsen AS
Ansvarleg søker: Haugen Vva AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 a), jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av heile tiltaket for oppføring av veg, VA-anlegg med sikringstiltaka, avkørsel med tilhøyrande støttemurar, fordrøyningsmagasinar, overvassanlegg, sandfang med kummar for 25 nye bueiningar på følgjande vilkår:

- 1. Rammeløyve av 16.02.22 med vilkår gjeld for tiltaket.**
- 2. Før grunnarbeida på veg og VA-anlegg skal startast skal det etablerast alle sikringstiltaka (sedimenteringscontainere, voller etc.) som er omtalt i plan for avsig overvatn og avløpsvatn, datert 11.10.22.**
- 3. Før oppstart skal det takast vassprøver etter fangdam 3.**
- 4. Det skal utførast kontinuerleg ukentleg visuell kontroll av dam 2 og 3, med foto (gjerne mobilfoto) som dokumentasjon av situasjonen i dam 3. Resultat av vassprøvane må førast i loggbok. Ved gjennomsnitt turbiditet over 2,2 FNU, må det gjerast grep for å betra vasskvaliteten og arbeidande må stansast umiddelbart til utbetring er gjennomført.**
- 5. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk/kloakkanlegg i samsvar med framtidig løyve til påkopling for kvar enkel bueining. Før igangsetjingsløyve for bueiningar kan utstedast, skal søknad om tilkopling vere godkjent.**

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

- 1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg.**
- 2. Vegsystem med varmekabler skal være på plass og fungere i byggjefasen.**
Varmekablane skal ha eigen måler og skal driftast/vedlikehaldas av utbygger i byggjefasen.
- 3. Godkjenning av veg, avkørsle og VA-anlegg av Samferdsel avdelinga.**
- 4. Drift og vedlikehald av varmekabler i veg må først over på vellag for Sveåsen.**
- 5. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.**

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av heile tiltaket: oppføring av veg og VA-anlegg, avkørsel med tilhøyrande støttemurar, fordrøyningsmagasin, overvassanlegg, sandfang med kummar i Sveåsen på gbnr 322/247 m.fl. for 25 framtidige bueiningar.

Saka omfattar etablering av avbøtande tiltak for vern av muslinger i Mjåtvitelva, vurdering av verknad av byggearbeid i område og konsekvensar for muslinger. Kommunen har i vedtak av 16.02.21 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad motteken 24.10.22.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 24.10.22 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

VURDERING

Vilkår i rammeløyve er stetta.

Kommune viser til signert avtale om vegrett med Mjåtvitstøveglag av 12.06.22. Avtale om utføring av delar av tiltak- varmekabler i privat veg på gbnr 322/190 ligg føre signert den 22.06.22.

Plan for overskotsmassane er mottatt 24.10.22.

Tekniske planer er godkjent av samferdsel-, veg-, vatn og avløpsavdelinga den 21.10.21.

Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS har utarbeida plan mot avsig av forureina overvatn og avlaupsvatn mot vassdrag med sikringstiltak den 11.10.22.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen vurderer at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova og at det skal utførast avbøtande tiltak ved utbygging.

Området Sveåsen er en del av reguleringsplan for Mjåtvitmarka. Området er regulert til bustad, hhv. frittliggjande einebustader (B1) og konsentrert småhusbebyggelse (B3). Tiltaket vil medføre sprengingsarbeid i forbindelse med

etablering av infrastruktur, samt planering av tomter. Størst inngrep i terrenget blir det der vegen går opp i området langs gnr/bnr 22/148 i Veg 1 opp til påkobling Veg 1.2.

Sveåsen ligg innafor nedbørsfelt til Mjåtveitelia, og overflateavrenning herifra har kort veg til Kloppedalsbekken og vidare til Mjåtveitelia. Store deler av området heller mot Kloppedalsbekken.

Søkjar skrivar:

I forbindelse med områdeplan for Dalstø-Mjåtveit ble nærområdet til Sveåsen kartlagt og verdivurdert for naturmangfald (Ellertsen & Blanck 2018). Sjølve Sveåsen var utanfor kartleggingsområdet, men en sidebekk til Mjåtveitelia var delvis innanfor kartleggingsområdet. Sidebekken inngår i influensområdet til det aktuelle tiltaket.

I forbindelse med elvemuslingar i Mjåtveitelia, har Rådgivende Biologer AS utarbeida to rapportar og Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS har utarbeida plan mot avsig av forureina overvatn og avlaupsvatn mot vassdrag med sikringstiltak.

Kommune vurderer at kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er godt og føre-var prinsippet (§ 9) kan gjere seg gjeldande på vilkår satt i vedtaket. Vidare er det synt til at samla belastning på økosystemet (§ 10) vil auke noko av tiltaket, men at nokre av side elvene vil få auka belastning.

Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS har vurdert at avbøtande tiltak skal ikkje forverre dagens situasjon med forureininga i Mjåtveitelia. Det setjast krav til oversikt og kontroll av overvasskvalitet og kontinuerleg ukentleg vassprøver.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høye til å klage på vedtaket vere nyttा fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/5193

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikke er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstypesmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sveåsen AS

Strandgaten 9 5013

BERGEN

Mottakarar:

Haugen Vva AS

Kanalveien 5 5068

BERGEN